



PROSJEKTADMINISTRASJON – REGULERING - KOMMUNALTEKNISK PLANLEGGING

Alver kommune
Plan, bygg og eigedom
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN
TLF: 56 58 11 30
Faks: 56 58 11 99
post@byggadmin.no

Dato: 18.03.2020

post@alver.kommune.no

BYGGESAK PÅ GNR 424, BNR 22,
BØ BARNEHAGE
Dispensasjonssøknad jf. PBL §19.2 frå reguleringsplan
Områdeplan for Bø skule og barnehage, Planid. 12602017000900
Saksnr. 19/1248

Tiltakshaver: Alver kommune

Grunnlaget for søknaden er å flytte fortau SF5 ca. 3 meter inn på felt SVG3 og forlengje det opp til ny barnehage.

Dersom ein byggjer etter gjeldande reguleringsplan vil fortauet kome ca. 90 cm. inn på Fv 409, noko som då vil gjera Radøyvegen smalare enn det den er i dag. Derfor ynskjer ein å flytte fortauet ca. 3 meter inn på areal SVG3. I følgje reguleringsføresegner pkt. 3.7.1, er SVG3 regulert til *annan veggrunn – grøntareal som er naudsynt sideareal til vegbygginga. Det omfattar grøfter, fyllingar og skjeringar, samt anlegg for overvasshandtering. Seinare skal det her etablerast grøntareal så nær opp mor vegarealet som mogleg.*

Nytt fortau langs Radøyvegen vil bli tilpassa og bygd som ei forlenging av eksisterande fortau som går opp til skulen i dag. Fortau vil følgje Radøyvegen til den svinger av til barnehagen med ein avstand på 1,5 meter. Det er i dag eksisterande veglys på motsatt side av Radøyvegen, dette vil vera med på å lyse opp fortauet. Tverrfall på Radøyvegen går vekk frå nytt fortau og det vil ikkje vera nødvendig med overvasshandtering utover ei markert open grøft mot skulen.


I reguleringsføresegnene pkt. 3.1.1 står det at *køyreveggar, fortau og gang- og sykkelveg skal vera dimensjonert som vist i planen. Mindre endringar i vegføringa kan tillatast når detaljplanlegginga gjer der naudsynt.* Me meiner at i dette tilfellet er det naudsynt å endre plassering av fortau, samt forlengje fortau opp mot ny barnehage på gnr. 424 bnr. 22. Dette for å gjera tilkomst til skule og barnehage tryggare.



Vurdering av krav i PBL §19-2

PBL set krav til vurderingar som skal gjerast dersom det skal gjevast dispensasjon.

Søker skal vise at fordelane ved dispensasjonen er klart større enn ulempene samt at lovens formål ikkje blir vesentleg tilsidesett, jf. Pbl §19-2.




Profiltteikning nytt fortau og grøft

Dersom ein bygger fortau etter slik reguleringsplan er i dag vil fortauet komme inn i ein allereie smal veg, noko som vi gjera det vanskeleg med møtande trafikk. For å sikre at køyretøy ikkje køyrer opp på fortauet i ein møtesituasjon, er det berekna ei grøft mellom Fv409 og fortau på totalt 2,15 meter inklusiv skulder. Fortauet vil vera på 2,5 meter og ei skulder mot SVG3 på 0,25 meter. Ved å bruke av areal tiltenkt anna veggrunn vil ikkje dispensasjonen vera til hinder for anna formålsområde i reguleringsplanen.

I følgje Pbl. §19-2 pkt. 3, skal ein legge særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Me meiner at ved å flytte fortauet vil ein betra sikkerheten for dei mjuke trafikantane som kjem lenger vekk frå vegen. Med grøfta vil ein også sikra seg at bilar ikkje bruker fortauet ved passering av andre køyretøy, dette vil igjen kunne ha ein helseeffekt. Når det gjeld miljø og tilgjenge vil det ikkje ha nokon innverknad i og med at fortauet er godkjent i eksisterande reguleringsplan og plasseringa vil ikkje endre tilkomst eller forholdet til miljø.



Me meiner at fordelane her er klart større enn ulempene og at reguleringsplanen sitt formål ikkje blir vesentleg tilsidesett.



Oversiktsteikning ny plassering av fortau

Jf. §19-2 avsnitt 4 skal det vurderast om det kan gjevast dispensasjon frå planer. Lova opnar altså for at det kan gjevast dispensasjon frå planer. Lova sitt formål er dermed ikkje vesentleg tilsidesett ved dispensasjon frå reguleringsplanen.

Me søker hermed om dispensasjon frå områdeplan for Bø skule og barnehage, planid. 12602017000900 jf. Plan- og Bygningslova § 19-2. for plassering av fortau.

Vonar på ei positiv behandling av dispensasjonssøknaden.

Med helsing

Ingunn Sætre

Ingunn Sætre